




Standpunktkarakterar 2024

Rettleiing ved handsaming av klage i grunnskulen



Innhold

1. Generelt	3
1.1 Innleiing.....	3
1.2 Klagefrist	3
1.3 Informasjons- og rettleiingsplikta til skulen	4
1.4 Skjema	4
2. Klage på standpunktkarakterar i fag	5
2.1 Om sluttvurderinga – fastsetjing av standpunktkarakter	5
2.2 Ikkje grunnlag for å setje karakter – krav om varsling	6
2.3 Forskrifta § 3-8 om varsling.....	6
2.4 Klagehandsaming	6
2.5 Fråsegn frå faglærar	6
2.6 Fråsegn frå rektor om sakshandsaminga	7
2.7 Ny vurdering – endeleg karakter	7
3. Klage på standpunktkarakterar i orden og åtferd	8
3.1 Om vurderinga i orden og i åtferd	8
3.2 Varsling	8
3.4 Fråsegn frå rektor og kontaktlærar	9
3.5 Endeleg karakter i orden/åtferd	9

1. Generelt

1.1 Innleiing

Denne rettleiaren er meint som ei støtte for faglærar og rektorar i arbeidet med klager på standpunktvurdering. Ny opplæringslov med forskrifter skal etter planen bli innført frå 1. august 2024. Fram til nytt regelverk er trådd i kraft, gjeld opplæringslova av 1998 med forskrifter.

Fastsetjing av standpunktkarakterar er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Dette betyr mellom anna at det er klagerett. Dette er presisert i forskrift til opplæringslova § 5-1.

Føresette til elevar under 18 år har sjølvstendig klagerett, og føresette til elevar under 15 år må samtykke til klagen.

Det er presisert i Utdanningsdirektoratet sin rettleiar for behandling av klager på standpunktkarakterar i fag at rektor ikkje har heimel til å endre vedtak om karakterfastsetjing, eller late vere å sende klagen vidare til klageinstansen.¹ Dette gjeld sjølv om skulen finn klagen rettkomen. Rektor kan endre eventuelle feilføringar.

1.2 Klagefrist

Fristen for å klage på vedtak som gjeld standpunktkarakter, er 10 dagar frå det tidspunktet melding om vedtaket kom fram til den som har klagerett. I særlege tilfelle kan ei klage bli handsama sjølv om det er klaga etter fristen, jf. forvaltningslova § 31. Fell klagefristen på ein laurdag, søndag eller helgedag, går fristen ut påfølgjande kvardag.

Klagar har rett til å be om grunngiving før eventuell klage vert sett fram. Ny tidagarsfrist gjeld frå det tidspunktet han/ho fekk grunngjevinga.

Klagen skal sendast til skulen, som skal vurdere om vilkåra for å behandle klagen er oppfylt. Vilkår for å behandle klagen er at klagaren har klagerett, og at det er klaga innanfor fristen. Dersom vilkåra ikkje er oppfylt, kan skulen avvise klagen. Ei avgjerd om å avvise ein klage er eit enkeltvedtak som kan klagast på. Klagefristen er då tre veker, jf. forvaltningslova § 31. Dersom eleven eller foreldra klagar på skulen sitt avvisingsvedtak, skal saka sendast til Statsforvaltaren. Vi vurderer då om skulen hadde grunnlag for å avvise klagen.

Dersom skulen tek klagen på standpunktkarakteren til behandling, skal saka sendast til Statsforvaltaren, saman med faglærar si grunngjeving for karakteren og ei uttale frå rektor om saksbehandlinga frå skulen.

Klage på standpunktkarakter må handsamast så raskt som råd. Dette er særleg viktig for elevar på 10. trinn. Vi oppmodar derfor skulane til å sende inn klagesakene fortløpande og ikkje vente til alle klagesakene kan sendast samla.

¹ [Udir - Behandling av klager på standpunktkarakterer i fag](#)

Rektor må sikre god framdrift i klagehandsaminga. Skuleeigar bør ha eit system som sikrar at dei endelege standpunktkarakterane får reell betyding for opptaket til vidaregåande opplæring. Dersom skuleeigar ikkje har eit system for å sikre at det blir gjort nye vurderingar etter at lærarane har gått ut i ferie, bør ein ta sikte på å ferdigbehandle klagen før lærarane går ut i ferie.

Forskrifta til opplæringslova set ein siste frist for fastsetjing av standpunktkarakter i fag med eksamen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-15. Den enkelte skule kan eventuelt setje ein tidlegare frist for å kunne ivareta eleven sin klagerett og karakterjustering for inntak i vidaregåande opplæring.

1.3 Informasjons- og rettleiingsplikta til skulen

Skulen skal gjere elevar og foreldre kjende med klageretten og klagefristen.

Rektor må sjå til at informasjonsplikta blir ivareteken slik at ein når alle elevgrupper/foreldre.

Informasjonen til elev og foreldre må som eit minimum innehalde:

- kva for karakterar det kan klagast på
- generell informasjon om klagerett og klagefrist
- opplysning om at klage på standpunktkarakter bør grunngjevast
- opplysning om at klagar har rett til å be om grunngjeving før ei eventuell klage vert sett fram

1.4 Skjema

Vi ber om at oversending av klage skjer elektronisk ved hjelp av skjemaet i denne lenkja:

[Skjema for klage på standpunktkarakterar i grunnskulen²](#)

Skjemaet skal nyttast både ved oversending av klage på standpunktkarakter i fag og ved klage i orden og i åtferd. Vi ber om at det blir fylt ut **eitt skjema for kvar karakter** det blir klaga på.

² De kan òg finne skjemaet via knappen «Finn skjema og teneste» på Statsforvaltaren i Vestland si nettside

2. Klage på standpunktkarakterar i fag

Sentrale føresegner ved klage på standpunktkarakter		
Forskrift til opplæringslova		Forvaltningslova
Kapittel 3: Individuell vurdering i grunnskulen og i vidaregåande opplæring	Kapittel 5: Klage på vurdering	Kapittel VI. Om klage og omgjøring
§ 3-2 Rett til vurdering § 3-3 Grunnlaget for vurdering i fag § 3-8 Varsling § 3-14 Sluttvurdering i fag § 3-15 Standpunktkarakter i fag	§ 5-1 Kva det kan klagast på § 5-2 Kven som kan klage § 5-3 Avgjerd i klagesaka § 5-4 Saksgangen ved klage § 5-5 Klagefristar § 5-6 Formkrav § 5-7 Rett til grunngiving § 5-12 Klage på standpunktkarakter. Klageinstans og klagehandsaming	§ 29 Klagefrist § 31 Oversitting av klagefristen § 34 Klageinstansens kompetanse
Utfyllande informasjon: Behandling av klager på standpunktkarakterer i fag Individuell vurdering Udir-2-2020		

2.1 Om sluttvurderinga – fastsetjing av standpunktkarakter

Sluttvurdering skal gi informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i fag i læreplanverket. Eleven skal ha fått høve til å vise kompetansen sin på fleire og varierte måtar. Kravet til breidde i vurderingsgrunnlaget rettar seg både mot omfang av kompetansemål og til breidde og variasjon i vurderingsformer. Den kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa, er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktkarakteren skal fastsetjast.

Sjølv om det har vore avsluttande vurderingar undervegs i opplæringa, skal læraren gjere ei totalvurdering av eleven sin kompetanse ved fastsetjing av standpunktkarakteren. Det betyr ikkje at læraren må vurdere eleven i alle kompetansemåla i læreplanen for faget rett før standpunktkarakteren vert fastsett, men læraren skal nytte sitt faglege skjønn til å gjere ei samla vurdering av eleven sin kompetanse ut frå kompetansemåla.

Læraren kan difor ikkje leggje saman karakterar frå undervegsvurderingar og gi ein standpunktkarakter som er eit matematisk gjennomsnitt av desse karakterane.

Eleven skal vere kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av standpunktkarakteren.

I vurderinga i fag skal ikkje eleven sine føresetnader, fråvær, eller forhold knytt til ordenen og åtferda til eleven trekkjast inn. Innsats skal berre vere med i vurderinga dersom dette følgjer av læreplanen i faget.

2.2 Ikkje grunnlag for å setje karakter – krav om varsling

Stort fråvær, manglande deltaking i vurderingssituasjonar eller andre særlege grunnar kan føre til at faglæraren manglar grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter.

I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for å setje standpunktkarakter, har rektor ansvaret for at det blir fatta enkeltvedtak om at standpunktkarakter ikkje blir gitt.

2.3 Forskrifta § 3-8 om varsling

Elevar og foreldre til elevar under 18 år skal varslast skriftleg dersom eleven står i fare for å ikkje få karakter (IV) ved halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-8. Varselet skal givast straks det er klart at det er fare for bortfall av karakter, og skal gi eleven høve til å få karakter i fag.

Ved ei eventuell klage må skulen legge ved kopi av varselet, og ei grunngjeving for kvifor det ikkje er sett standpunktkarakter i faget.

2.4 Klagehandsaming

Ei klage på standpunktkarakter skal sendast til skulen. Statsforvaltaren er klageinstans. Klageinstansen kan berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde.

Ved oversending av klaga til Statsforvaltaren, skal det følgje med fråsegn frå faglærer og rektor.

I ei klagesak skal faglæraren gje ei uttale om korleis karakteren er fastsett, og rektor skal gje ei uttale om skulen si sakshandsaming.

2.5 Fråsegn frå faglærer

Det er rektor sitt ansvar å kvalitetssikre uttalen frå faglærer og sjå til at grunnlaget for karakterfastsetjinga er i tråd med kapittel 3 i forskrift til opplæringslova. Rektor har ansvaret for at saka er godt nok opplyst til at klageinstansen kan behandle klaga.

Når Statsforvaltaren behandlar klagesaka, vurderer vi om grunngjevinga viser at skulen har oppfylt reglane om fastsetjing av standpunktkarakter i fag i forskrift til opplæringslova kapittel 3. Grunngjevinga må difor vise at skulen har følgd regelverket. Dette betyr at følgjande må gå fram av grunngjevinga:

- at eleven har blitt vurdert opp mot kompetansemåla i læreplanen
- at eleven er blitt gjort kjend med kompetansemåla og kva som blir vektlagt i standpunktvurderinga
- at faglærer ikkje har lagt vekt på forhold som ligg utanfor kompetansemåla, som til dømes eleven sine føresetnader, fråvær eller innsats (med mindre det følgjer av læreplanen at innsats skal vere ein del av vurderinga)
- at eleven har fått moglegheit til å vise kompetanse på fleire og varierte måtar
- at faglærer har vurdert eleven sin samla kompetanse ved avslutninga av opplæringa
- den samla vurderinga blir grunngjeve med konkrete døme på eleven sin kompetanse som dekker breidda i kompetansemåla faget
- svar på det eleven eller foreldra problematiserer i klagen

Dersom faglærer viser til generelle kjenneteikn på måloppnåing eller vurderingskriterier i grunngjevinga for standpunktkarakteren, må dette supplerast med konkrete og individuelle vurderingar av eleven sin kompetanse.

2.6 Fråsegn frå rektor om sakshandsaminga

Rektor skal sende saka til Statsforvaltaren for klagebehandling. Når klagesaka blir sendt til Statsforvaltaren, skal rektor legge ved ei uttale om saksbehandlinga ved skulen. Rektor skal som eit minimum beskrive skulen sine prosedyrar for fastsetting av standpunktkarakterar, inkludert tidspunktet for fastsetjinga av standpunktkarakteren.

Rektor skal i uttalen sin gjere greie for at standpunktkarakteren er fastsett i samsvar med forskrifta § 3-3 og § 3-15.

Ein sentral del av dette er at rektor har gått gjennom uttalen frå faglærer og kvalitetssikrar denne opp mot regelverket. Rektor må sikre at klagaren sine merknader vert kommentert dersom det er nødvendig. Rektor må sikre at eleven har blitt høyrd i dei tilfelle der det er føresette som vel å klage, jf. barnekonvensjonen art. 12.

Skulen må ha rutinar som sikrar at dokumentasjon frå faglærer om karakterfastsetjinga er tilgjengeleg ved klagehandsaminga.

2.7 Ny vurdering – endeleg karakter

Dersom klaga blir funnen rettkomen av klageinstansen, blir standpunktkarakteren oppheva og saka sendt tilbake til skulen for ei ny vurdering. Rektor og faglærer skal gjere ei ny vurdering med utgangspunkt i dei punkta klageinstansen har peika på i opphevingsvedtaket. Rektor set endeleg karakter. Den nye avgjerda skal grunngjevast. Denne avgjerda kan det ikkje klagast på. Orientering om endeleg karakter og grunngjevinga til rektor skal sendast til klagaren med kopi til Statsforvaltaren.

Dersom karakteren blir endra for elevar på 10. trinn, må rektor sende melding om dette til inntakskontoret for vidaregåande opplæring.

3. Klage på standpunktkarakterar i orden og åtferd

3.1 Om vurderinga i orden og i åtferd

Skuleeigar skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskulen. I ordensreglementet skal det vere regulert kva som er akseptabel orden og åtferd. Skulen må kunne dokumentere at eleven er gjort kjend med ordensreglementet.

Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd skal vere knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skulen. Vurdering i orden er knytt til om eleven er punktleg, førebudd til opplæringa og følgjer opp arbeid. Vurdering i åtferd er knytt til om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar. Unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.

Skulen må presisere for elevane kva som blir teke med i grunnlaget for karakterane i orden og åtferd. Til dømes kan fråvær føre til nedsett karakter anten i orden eller åtferd.

Rektor har ansvaret for at standpunktkarakterar i orden og åtferd blir fastsette etter drøfting med kontaktlærar og dei andre lærarane til eleven. Standpunktkarakter i orden og i åtferd skal fastsetjast etter at opplæringa er avslutta.

Det er rektor sitt ansvar å sjå til at skulen har klare rutinar for å dokumentere elevane sin orden og åtferd.

3.2 Varsling

Forskrift til opplæringslova krev at skulen sender skriftleg varsel dersom det er fare for at eleven kan få halvårsvurdering eller standpunktkarakter *nokså god (Ng)* eller *lite god (Lg)* i orden og/eller i åtferd.

Varselet skal givast straks det er klart at det er fare for nedsett karakter, og skal gi eleven høve til å ikkje få nedsett karakter i orden eller åtferd.

Det er viktig å innarbeide rutinar for å sikre god dokumentasjon på at skriftleg varsel er sendt.

Det er ikkje krav om varsel når ein karakter blir sett ned som følgje av ei enkelthending. I slike tilfelle skal det gjerast enkeltvedtak og opplysast om klageretten.

3.3 Dokumentasjon

I klagesaker som gjeld orden og/eller åtferd er det særleg viktig at skulen kan dokumentere at saksangang for fastsetjing av karakter er følgd, og at det har vore kontakt med heimen om tilhøva som har ført til nedsett karakter.

Skulen skal sende følgjande dokumentasjon til klageinstansen:

- klagen
- fråsegn frå rektor og kontaktlærer
- kopi av ordensreglement
- konklusjon frå drøftingsmøte mellom lærarane til eleven
- dokumentasjon på at foreldre har fått varsel om at karakteren kan bli sett ned
- annan relevant korrespondanse med heimen

Skulen må ha rutinar som sikrar at dokumentasjon om karakterfastsetjinga er tilgjengeleg i den perioden klagehandsaminga pågår.

3.4 Fråsegn frå rektor og kontaktlærer

Statsforvaltaren vil tilrå følgjande oppgåvefordeling mellom rektor og kontaktlærer:

Rektor gjer greie for

- sakshandsaming og prosedyrar på skulen
- alder på eleven dersom klaga berre er underteikna av eleven (eleven må ha fylt 15 år for å klage sjølv)
- om klaga er sett fram innan fristen
- når og korleis skulen har informert om klagerett
- tidspunkt for når skulen har sendt kopi av saksdokument til klagar
- tidlegare karakter i orden/åtferd
- tiltak som er sette i verk for å rette på forholda

Kontaktlærer

- gir utfyllande grunngiving for karakteren
 - det er viktig å svare på og kommentere det som eleven eller foreldra peikar på i klaga
 - kontaktlærer si vurdering av eleven i høve til ordensreglementet
 - omtale av merknader eleven har fått gjennom året
 - vurdering av eleven sin orden/åtferd ut frå eleven sin føresetnader
- legg ved kopi av varsel om nedsett karakter
- gjer greie for korleis det er lagt til rette for tilbakemelding og rettleiing
- legg ved annan dokumentasjon frå skule/heim som kan ha innverknad på klagehandsaminga

3.5 Endeleg karakter i orden/åtferd

Statsforvaltaren avgjer om klaga skal føre til at karakteren blir endra til gunst eller ugunst for eleven.